

Referat

STYREMØTE NR. 4 i ØIL – 25.08.2016

Møte		Referat	
Dato	25.08.2016 kl. 19:00	Deltakarar	Arne Lunestad / leiar Frank Kjøsnes / nestleiar Rune Vik / skrivar Marit Buttingsrud/ styremedlem Åshild Bekkesletten/ 1. vara Lillian Kvamsøy / boccia-gruppa
Stad	Holmatun	Forfall	Giedre Keturakiene / kasserar Linn Beate Haugslund Ur/ styremedl. Silje Laupsa Mo/ styremedlem Ola Fjerdings/ fotballgruppa Leiv Sandven / trimgruppa
Referent	Rune Vik	Kopi	Olav Kreken/ orientering
Neste styremøte	Torsdag 22.09.2016 kl. 20:00		Torsdag (medlemsregistreingsmøte) 22.09.2016 kl. 19:00

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
4.1	Saker		
.1	<u>Godkjenning av førre styremøtereferat</u> Møtereferat nr. 3-2016 vart godkjent.	info	
.2	<u>Orientering om status/drift av IFO/FFO</u> God påmelding. Nokre dagar er fulle / taket er nådd. Det er gjennomført tilsetjing av 3 nye personar med god kompetanse. Personalet på IFO/FFO utgjer no 5 personar: <ul style="list-style-type: none"> • Kristin Glück-Teigland (leiar) • Ole André Glesnes • Ida Sørheim • João Vitor Letras da Silva • Pedro Filipe Menezes Leitão dos Santos Rutinar og rapportering: <ul style="list-style-type: none"> • Det har vore jobba mykje med å få på plass naudsynte rutinar i forhold til verksemd og drift. • Rapportering skjer pr no til leiar i ØIL. IFO/FFO – tilknytning til ØIL-org.ledd: <ul style="list-style-type: none"> • ØIL (hovudlaget) med sitt organisasjonsnummer, står med hovudansvaret for all aktivitet/drift i lagets regi inkl. IFO/FFO. • Ansvar er nedfelt §18 i lov for Øystese idrettslag, jf. fotnote 16. Sak til neste møte: Det må lagast ei sak som avklarar ansvarsforhold m.v. for IFO.	info	
		22/9	Arne L./styret

.3	<p><u>Medlemskontingent 2016 – Status</u></p> <p>Utsett til neste møte.</p>	22/9	Giedre K.
.4	<p><u>Status på elektronisk/nettbasert medlemsregister</u></p> <p>Arbeidsmøte torsdag 22/9 -16 kl. 19:00.</p> <p>Frank lyftar over data frå ”gammalt” excelark i dropbox til nytt tilrettelagt ark. Arne er kontaktperson om spørsmål.</p> <p>Rune V. oversender laglister frå fotballen med fødselsdato- og epostadressedata.</p>	22/9	<p>Arne L, Rune V. Frank K</p> <p>Frank K</p> <p>Rune V.</p>
.5	<p><u>”Idemøte for utvikling av Øystese sentrum”</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Tid: måndag 29. august 2016 kl. 18:30 • Stad: Kvam ungdomsskule <p>Vedtak: Leiar representerer Øystese idrettslag.</p>	info	
.6	<p><u>Holmatun – ref. frå møte torsdag 18. august</u></p> <p>Styringsgruppa for Holmatuen fekk presentert planar AK Teigland ser for seg ved framtidig verksemd og bruk av Holmatun. Linn representerte ØIL.</p> <p>Hovudelementa i idégrunnlaget er ”Friluftsliv”, ”Kultur” og ”Kontor”, og arrangement knytt til desse elementa.</p> <p>Det skal framover gjerast ein del avklaringar både frå styringsgruppa si side og i regi av AK. Dessutan skal det utarbeidast ein intensjonsavtale om kjøp av bygg.</p> <p>Styret verte orientert så snart det skjer meir i saka.</p>	29/8	Arne L.
.7	<p><u>Torefjellstrimmen – søndag 4. september 2016</u></p> <p>Torefjellstrimmen går av stabelen søndag 4.september, samtidig med Kvam turlag-arrangement ”Kom deg ut-dagen. Dei siste tre åra har også ØJF hatt samtidig arrangement i Fitjadalen.</p> <p>ØIL må få på plass vaktordning på Torefjell som gjennomfører registrering.</p> <ul style="list-style-type: none"> • kl. 11-12: 2 personar Arne Lunestad + • kl. 12-13: 2 personar ? • kl. 13-14: 2 personar ? • kl. 14-15: 2 personar Rune Vik + <p>Rune V. koordinerer ØIL-innsats. Epost vert sendt ut.</p>	4/9	Rune V.
.8	<p><u>Øystesetrimmen – søndag 25. september 2016</u></p> <p>Rune V. sender ut forslag til program, inkl. ansvarsfordeling på oppgåver ved gjennomføring.</p>	10/9	Rune V.

.9	<p><u>Kvammaveko i veke 42 – ikkje ledig Øystesehall</u></p> <p>Kvammaveko med fokus på psykisk helse og frivillig arbeid, vert organisert av Grannehjelpa, Mental helse, m.fl.</p> <p>ØIL er forespurt om å gjennomføre ”open hall” –arrangement.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Prøve samarbeid/samordne med Kvam klatreklubb, Rossvoll volleyball, evt. Kvam gym- og trampettklubb. <p>Har sjekk ut med Kvam herad v/ Reidun Braut Kjosås. Aktuelle dagar; laurdag 22. oktober eller søndag 23. okt. Øystese idrettshall er reservert for volleyball denne helga.</p>	utgår	Rune V./Lillian
.10	<p><u>Status politiattestar</u></p> <p>I følgje Kvam herad er praksisen at det vert kravd politiattest når eit tilsettingsforhold i barnehage, skule, m.v. startar. Det vert ikkje sett krav om fornying av attestar.</p> <p>Sjekk med NIF og idrettskretsen om 3-års-regelen for gyldige politiattestar innan idretten.</p>	info	22/9 Rune V.
4.2	Fotballgruppa		
4.3	<p>Friidrett/trimgruppa</p> <p>.1 <u>Idrettsmerkeprøve</u></p> <p>-Annonsert i HF 12. og 16. august. -Gjennomføring:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tysdag 12. august kl. 18 • Tysdag 23. august kl. 18 <p>-Arrangør: Nils Ivar Østerbø og Arild Sandven</p> <p>.2 <u>Basistreningstilbod for kvinner - hausten /vinteren</u></p> <p>Basistreningstilbod for startar opp etter haustferien.</p> <ul style="list-style-type: none"> • onsdagar kl. 20-21:00. • i gymsal på Kvam ungdomsskule <p>Følgjande instruktørgruppe på fire deler på ansvaret: Reidun Braut Kjosås, Anne Heidi Bjørke, Elisabet Aarekol og Gunn Hilde Øymo.</p> <p>.3 <u>Basistreningstilbod for menn – haust/vinter</u></p> <p>AK Teigland sitt opplegg, kunne det vore drive i ØIL-regi?</p> <p>Linn evt. Arne sjekkar med AK Teigland.</p> <p>.4 <u>Barnegymnastikk og allidrettstilbod 1.- 4. klasse</u></p> <p>Begge partia startar valleg vis opp etter haustferien.</p> <ul style="list-style-type: none"> • torsdagar kl. 17-18 • i Øystesehallen 	info	Linn/Arne L.

4.4	HC-gruppa		
4.5	Symjegruppa		
4.6	Hoppgruppa		
4.7	Orientering		
4.8	Økonomi		
.1	<p><u>Støtte til aktivitetsdag for utviklingshemma</u></p> <p>Det vert forespurt om ØIL kan støtte aktivitetsdagen med medaljar. Arrangementet vert gjennomført i samarbeid mellom fleire kommunar, idrettslag, m.v. i Strandebarm laurdag 27. august 2016. ØIL-bidraget har tidlegare vore medaljar til deltakarane.</p> <p>Vedtak: ØIL dekkjer kostnad med medaljar, stort <u>kr 1815</u>. Faktura kan leverast kasserar for betaling.</p>		styret
.2	<p><u>Forskottering av orienteringskart over Øystese</u></p> <p>O-kart er no ferdig produsert.</p> <p>O-kart er finansiert gjennom bidrag frå sponsorar, Hordaland fylkeskommune, tippemidlar + ein dugnadsdel. Det er naudsynt med ei forskottering av motteke fakturabeløp, i påvente av at tippemidlar m.v. vert utbetalt.</p> <p>Vedtak: ØIL forskotterer fakturabeløp <u>kr 55 000</u> knytt til produksjon av O-kart. Faktura vert å betale innan forfall.</p>		styret Giedre/Lillian
			styret Giedre K
4.9	Eventuelt		
.1	<p><u>Førespurnad om samanslåing frå Norheimsund fotballklubb</u></p> <p>Sitat frå epost datert 23.08.2016 frå styret i Norh.s. fotball: <i>Til Styret i Øystese Fotball</i> <i>Det har i forbindelse med planlegging av 2017 dukka opp spørsmål frå både foreldre og andre vedrørende status på samanslåing av fotballen i Kvam. Styret i Norheimsund Fotball Klubb er klar på at dette er noko som er ynskjeleg frå vår sida, og me ynskjer å avklare korleis Øystese Fotball ser på ei eventuell samanslåing.</i></p> <p><i>Dersom det er av interesse for dykkar klubb, tenkjer me at det er best å få satt ned ei hurtigarbeidande gruppe frå begge klubbar som vil arbeide med å få satt rammer for eit slikt samarbeid. Så vil det bli opp til dei respektive klubbane i etterkant å fatte ei beslutning.</i></p> <p><i>Norheimsund FK ser fram mot ei snarleg tilbakemelding, det er viktig for oss å få dette avklart slik at me veit korleis planen for 2017 skal leggest opp.</i></p> <p><i>Med helsing</i> <i>Styret i Norheimsund FK v/Styreleiar Alf Kåre Hjartnes (tlf 41423382)</i></p>	info	

	<p>Vedtak: Dersom fotballgruppa ynskjer å gå i drøftingar med Norheimsund fotballklubb om samanslåing, så stiller styret i ØIL seg bak dette. Styret vil delta med styreleiar Arne Lunestad som representant i evt drøftingar.</p> <p>-----</p> <p>Styresaker frå 2016 under oppfølging</p>		
2.1.4	<p><u>Øystese-trimmen og utvikling av arrangementet</u></p> <p>Konkurransedelen av trimmen har dei seinare år hatt lita deltaking. For å få litt meir fart i arrangementet må det gjerast grep.</p> <p>Forslag til utviklingsgruppe: - Torild Kveberg - Marit Buttingsrud - Olav Kreken - Reidun Braut Kjosås</p> <p>Utfordringar: - Sjå på innhaldet i Øystesetrimmen. - Sjå på konkurransar/aktivitetar for ulike aldersgrupper. - Organisering, utstyrsbehov, og marknadsføring.</p> <p>I første omgang må ambisjonen vere å gjere arrangementet meir spanande/attraktivt i forhold til notid/2016. Målgruppe: Deltakarar frå Øystese og Norheimsund/Kvam.</p> <p>Olav tek kontakt om oppstartmøte.</p>	info	styret
	<p>Styresaker frå 2015 under oppfølging</p>	info	Olav Kreken styret
1.1.2	<p><u>Webprofil for ØIL i sosiale medier</u></p> <p>Gammal/utdatert ØIL-heimeside må fjernast. Vidar T. har snakka med Jan Tjosaas (IKTAL) som i si tid stod som administrator for heimesida.</p>		
	<p>Styresaker frå 2014 under oppfølging</p>	info	styret
3.1.7	<p><u>Øystese idrettslag (ØIL) – vegene vidare</u></p> <p>Utover fotballen i ØIL er aktiviteten i dei ulike gruppene relativt låg. Allidrett for born opp til 10 år drive av Leif og Åshild i vinterhalvåret, er kanskje det viktigaste bidraget. Elles har laget Øystesetrimmen m/ open hall-arrangement, Torefjellstrimmen som del av ”Kom deg ut dagen” og idrettsmerkeprøve.</p> <p>ØIL er også ein aktør i samfunnsdebatten ved at styre har kome med innspel til kommuneplan og barnehageplan, m.v. Vidare har ØIL støtta ulike føremål i andre lag som kunne generere fysisk aktivitet.</p> <p>Samtidig har idrettslaget ansvar for hoppbakken i Myrane, eig 1/3 av Sjusete skisenter, og forvaltar ein formue på ca. ½ mill kr.</p>		

4.1.9	<p>Vedtak: ØIL-styret startar eit arbeid med å sjå på kva rolle ØIL kan spela i tida framover (tidshorisont). Er det bruk for eit allidrettslag i Øystese ?</p> <p>Tidlegare styresaker frå 2012 under oppfølging</p> <p><u>Rydding i og sanning av ØIL-historikk/arkivmateriale</u></p> <p>Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret. Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale.</p>	info	styret
-------	---	------	--------

Rune Vik/ skriver